

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	23.01.2023
Vår referanse	2022/96766-2
Dykkar referanse	202102364
Sakshandsamar	John Anton Gladso
E-post	John.Anton.Gladso@vlfk.no
Telefon	48225890

Fråsegn til av søknad om uttak av vatn frå Keipevatnet til reservevassforsyning - Kinn kommune

Vi viser til høyring av søknad om uttak av vatn frå Keipevatnet til reservevassforsyning mottatt 5.12.2022.

Bakgrunn

Kinn kommune ønskjer å nytte Keipevatnet til reservevasskjelde for Florø vassverk. Det er søkt om eit maksimalt vassuttak på 150 l/s. Det er også søkt om å regulere Keipevatnet mellom kote 432 og kote 434. Det er planlagt felles løysingar med Klauva kraftverk når det gjeld trasé for vassveg og anleggsveg. NVE skal behandle vassuttaket, regulering og vassveg som ikkje har felles trasé med Klauva kraftverk.

Vurdering

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vestland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø må gjerast på eit tidleg stadium i all planlegging. Kulturminneverdiar i tiltaksområdet må bli omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare arbeidet. Kulturminne gjev viktig informasjon om busetnad og ressursutnytting lenge før det finst skriftlege opplysningar.

Kulturminne frå nyare tid

Vi har i dag ikkje kjennskap til einskilde kulturminne frå nyare tid som vert råka i samband med uttak av vatn frå Keipevatn. Det ikkje registrert bygg i Sefrak-registeret i området. Samstundes veit vi av erfaring at det ved vassdrag kan finnast spor etter til dømes kvernhus og sag.

Fylkeskommune ser at tiltak som anleggsveg og trase for turbinrør / vassleidning vil kunne ha store konsekvensar for kulturlandskapet på staden. Vi rår til at tiltak i størst mogeleg grad vert tilpassa landskapet og at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Automatisk freda kulturminne

Vi har i dag ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Området har likevel potensial for funn av denne typen kulturminne. Dyrka mark har potensial for funn av åkrar og gardstun med hus frå stein-, bronse-, jern- og mellomalder. Området har potensial for funn av kulturminne i samband med bruk av utmark i fjellet, som jarnvinne, tufter, tjøremile.

I samband med tiltaket må tiltakshavar si undersøkingsplikt gjennomførast i området. Vi viser her til lov om kulturminne § 9. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre det er gjeve løyve til det, jf. §§ 4 og 3.

Vi ber om at kravet vårt om § 9 undersøkingar står i vilkåra knytt til konsesjonen.

Tiltakshavar må ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket er tenkt sett i verk. Vi vil då ettersende budsjett for registrering, prosjektplan (ved behov) og akseptskjema. Når akseptskjema er signert og returnert legg vi registreringa inn i feltplanen.

Vi gjer merksam på at tiltaket ikkje kan gjennomførast før fylkeskommunen har gjeve endeleg fråsegn etter ei gjennomført arkeologisk registrering i området.

Vi har for tiden ei veldig stor saksmengd, vi ber om at tiltakshavar tek kontakt så tidleg som mogleg i planlegginga av tiltaket for å få gjennomført ei arkeologisk registrering.

Vi ynskjer primært å gjere registrering i dyrka mark etter slått, evt. etter vokstersesongen om det let seg gjere. Registreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark og når dei klimatiske forholda elles gjer det mogleg. Feltseongen vår er normalt frå april til november.

Friluftsliv

Dei planlagde tiltaka ligg delvis innanføre det kartlagde friluftsområdet Grytadalen, som er vurdert som eit svært viktig friluftsområde. Det bør og nemnast at Keipevatnet ligg innanføre i eit inngreps Inngrepsfritt naturområdet og at dette (INON-området) vil reduserast med 7,1 km² som følge av tiltaket. I Ut.no er det registrert ein fottur opp Grytadalen til Stillebåen. Det er her ein merka tursti som går opp langs med Klauveelva til Keipevatnet.

Bortsett frå planlagd anleggsveg ser ikkje ut til at tiltaka i samband med uttak av vatn frå Keipevatn kjem i direkte konflikt med turstien eller friluftslivsinteressene i området. Tatt i betraktning at området er registrert som eit svært viktig friluftsområde bør det likevel vektleggast å minimere landskapsinngrepa, slik at turopplevinga i minst mogleg grad blir forringa.

Anleggsvegen som er planlagt opp til inntaket for kraftverket, vil potensielt bli eit stort og synleg landskapsinngrep. I konsesjonssøknaden er det oppgjeve at vegbreidda blir 4-4,5 meter, men med breiddeutviding i kurver. Av omsyn til landskap og friluftsinnteresser meiner vi det må vurderast ein smalare veg, som kan byggast med betre landskapstilpassing. Det bør i tillegg vurderast avbøtande tiltak som t.d. betre skilting og tilrettelegging av stien opp til Keipevatn. Slike tiltak må gjerast i samråd med grunneigar og lokale turlag el.l.

Vassforvaltning

Etter det vi kan sjå er ikkje vassforskrifta nemnt i konsesjonssøknaden. Vi minner om at i konsekvensutgreiingar skal det vurderast og skildrast korleis planen eller tiltaket vil verke inn på vatnets økologiske og kjemiske tilstand:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/vurdere-miljokonsekvensene-av-planen-eller-tiltaket/vannmiljo/>. Vassforskrifta bør difor også omtalast i konsesjonssøknaden.

Som skildra i Miljødirektoratets rettleiar for KU-metodikk, avhenger ei vurdering av tiltaket etter vassforskrifta § 12 at det føreligg kunnskap både om dagens tilstand i vassførekomsten, og om eventuelle endringar i tilstand som tiltaket forventar å medføre. Den økologiske tilstanden i Klauveelva (vassførekomst 085-129-R) er i dag vurdert å vere god etter vassforskrifta. Dersom tilstanden vert forringa av tiltaket, må det i så fall vurderast om det er grunnlag for å gje unntak etter § 12.

Vi kjenner ikkje til at det er gjort nyare undersøkingar i Keipevatnet, men i ein kalkingsplan frå 1997 vart det vurdert å vere ein god/middels tett bestand av aure i både i Keipevatnet og i Rundevatnet like oppstraums. Gyteområda vart rekna for å vere brukbare. Vi venter ikkje at uttak av drikkevatt vil redusere aurebestanden i Keipevatnet i vesentleg grad, men dersom det skulle skje må det gjerast tiltak for å oppretthalde ein aurebestand i vatnet. Elvelevande aure og andre vasstilknytte artar på tiltaksstrekninga kan bli råka av vassuttaket, og det er behov for ei viss restvassføring.

Det vert opplyst at det er gjeve konsesjon til utbygging av Klauva kraftverk. Det er viktig å sjå desse to sakene i samanheng i den vidare handsaminga.

Med helsing

Sveinung Klyve

seniorrådgjevar

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

John Anton Gladsø

seniorrådgjevar

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

KINN KOMMUNE

Njøsavegen 2

Postboks 294